



FINANSDEPARTEMENTET
Postboks 8008 DEP
0030 OSLO

Vår ref.: 2019/974-4 | Sakshandsamar: Jill Åse Fredriksen
Jill.Ase.Fredriksen@bykle.kommune.no

Dato
12.12.2019

Melding om vedtak

Kommunestyres behandling av sak 304/2019 i møte den 11.12.2019:

Høringsuttale - kraftskattutvalet og eigedomsskatt

Vi viser til Finansdepartementets høringsbrev av 30.09.19, der høringsfristen for NOU 2019:16 - Skattlegging av vannkraftverk er satt til 1. januar 2020.

Bykle kommune støtter opp om LVKs høringsuttale.

I tillegg vil Bykle kommune komme med følgende uttale:

Store kraftutbyggingar i Bykle har ført til at Bykle kommune frå slutten av 80- talet og frametter har hatt god økonomi. Dei økonomiske ringverknadene frå utbygginga i Bykle er i tillegg veldig positive for heile Agder og Noreg som heilskap.

Gjennom store reguleringsmagasin i Bykle vert det generera verdiskapning av fornybar, rein energi på over 3,5TWh. Dette tilsvarar straum til over 220 000 husstandar.

Men store utbyggingar har sin pris: neddemde og øydelagde grender og bygdelag. Der det før var eit levande bygdelag med eigen skule og forsamlingshus, er det no ei rasera og fråflytta grend, under vatn.

Utbyggingane har medført store endringar av både natur og kulturlandskap. Heile lokalsamfunn har måtte omstille seg, landbruksareal er sett under vatn, reinsdyrtrekk er endra og grunnlaget for reiselivsnæringa er redusera.

Det er store menneskelege og materielle belastningar lokalsamfunnet har teke i samband med dei store utbyggingane i kommunen. Det er viktig å få fram samanhengane mellom den prisen som lokalsamfunnet har betalt, og den rettmessige godtgjeringa i form av skattar og avgifter som kjem ut i den andre enden av desse utbyggingane, og som er eit avgjerande grunnlag for ei vidare drift og utvikling av Bykle-samfunnet.

Forslaga i NOU 2019- 16 er svært dramatiske for Bykle kommune. NOU 2019- 16 har også faktafeil kring realitetene for Bykle. Her kan til dømes nevnest side 79 der Bykle tilleggast mykje meir konsesjonskraft enn det vi får.

Bykle kommune forutset at Stortinget og regjeringa er truverdige og følgjer opp vedtak og forutsetningar som låg til grunn, både lokalt og nasjonalt, i samband med konsesjonshandsaminga av desse utbyggingane.

Forslaga i NOU 2019- 16 er så dramatiske for Bykle kommune si framtid at vi tilrår at heile NOU 2019- 16 makulerast.

Med helsing
Bykle kommune

Jill Åse Fredriksen
Ass. kommunedirektør

Brevet er elektronisk godkjent og sendast utan underskrift.



Bykle kommune
Bykle ser langt